

**Kransene og Blomstene som smykkar kista er eit synleg uttrykk for takknemlig fra mange. Sammen lyser vi fred over Kim Frieles gode minne.**

### **Tale ved Kim Frieles bisettelse 6. desember**

Kjære sørgande,

Vi har høyrte og vi har sunge sterke og kloke tekstar om kjærlyghet, om at kjærlyghet bokstaveleg talt er livsviktig og «lysets kilde» og «livets rot». Men skal vi få grep om kva det store ordet kjærlyghet, eller kjærleik på mitt språk, verkeleg betyr i liva våre og i verda, trur eg vi må senke blikket litt, koble det til erfaringar av å vere menneske og medmenneske.

Eg har tenkt mykje på det kontante og vennlege svaret Kim Friele gav i eitt av dei første TV-programma ho var på i 1973. Ho sa:

"Homofili er kjærlyghet. Så hvis du har opplevet i ditt eget liv hva kjærlyghet er, så vet du at det er ikke farlig, og det er ikke mystisk".

Ei bibelsk forteljing som har blitt viktig for mange av oss dei siste åra, og som har blitt mykje brukt når to kvinner giftar seg i kyrkja, handlar om kjærleik mellom kvinner. Det er frå boka om Rut. Svigermora Noomi vil vende tilbake frå Moab til Betlehem og ber om at svigerdøtrene blir igjen. Men Rut klyngar seg til Noomi og nektar å forlate henne: «Ikke tving meg til å forlate deg og vende tilbake, for:

Dit du går, vil jeg gå,  
og hvor du bor, vil jeg bo.  
Ditt folk er mitt folk,  
og din Gud er min Gud.  
Der du dør, vil jeg dø,  
og der vil jeg begravnes. (Rut 1,8)

Denne forteljinga er ei av mange som viser at kjærleik handlar om **mot**, om å risikere og om å bryte opp og begi seg inn i det ukjente saman og love å halde saman. Kjærleik og solidaritet mellom kvinner:

«Homofili er kjærlighet» - Det var modig tale frå Kim Friele i 1973. Det var nødvendig at det ble sagt og gjentatt. Og Kim knytta med dette svaret an til ei menneskeleg erfaring alle kan gjere seg, «så hvis du har opplevet i ditt eget liv hva kjærlighet er, så vet du at det er ikke farlig,..» -

for kjærleik, sjølv sagt også kjærleik mellom menneske av same kjønn, er ein del av det å vere menneske: det er jo også det kjærleikens høgsong som Bjarte Hjelmeland las for oss, handlar om: Utan kjærleik ..same kva vi gjer .. er vi ingenting.

Dette er ein innsikt det stadig er verdt og nødvendig å kjempe for. Kjærleik viser seg også i solidaritet og å gjere noko som kostar,

kjærleik handlar om mot og uthaldenheit. Eg er ikkje sikker på om Paulus har heilt rett i at kjærleiken bestandig er tålmodig.

For av og til er det nødvendig at nokon er *utålmodige* og ikkje tåler så inderleg vel den urett som ikkje rammer oss selv.

Den kjærleikskampen som Kim Friele mange andre, både kvinner og menn i dei skeive rørslene, utretteleg har ført i Norge, har heldigvis fått konsekvensar. Det var ein hard strid retta mot lovverket, mot politikarar, mot utbreidde fordommar, men også og det må eg seie tydeleg i dag, retta mot kyrkja og religiøse leiarar.

Det har vore ein *kamp* for kjærligheita og ein kamp for mangfald og ein kamp for menneskeverd.

Kampen er ikkje over. Vi høyrer med uro om dei målretta tiltaka som rammar skeive i fleire europeiske land og om afrikanske statar som innfører forbod mot homoseksuelle handlingar. Kampen er ikkje over og eg er glad for at den skeive rørsla også har tatt utfordringa frå sine veteranar om at *Pride*-markeringar også må dreie seg om internasjonal solidaritet.

Mange har vore sinte på kyrkja. Og nokre har tort å vore sinte *i* kyrkja og andre gudshus. For religiøse betrevitarar kunne får seg til å seie at ein måtte velge *mellom* kjærleiken og kyrkjeleg verv.

Fleire vende kyrkja ryggen, for det å bli verande i kyrkja gjekk på helsa laus.

I dag 2021 er mange av mine dyktige medarbeidarar, både prestar og andre skeive.

Det er blitt mogleg for skeive å bli opne

og å vere der, -i kyrkja. Det har Kim Friele vore med å opne opp for.

Men stadig er det utfordringar: Fleire skeive opplever stadig å bli omtalt og behandla som *ein sak*, og ikkje tiltalt som eit medmenneske.

Takk til de alle for at der har vore med på å åpne kirka! Som gjer at den som er skeiv kan være stolt av det hen er og vite og efrare at hen også er skapt i Guds bilde og *Gud så på alt det han hadde gjort, og se, det var svært godt!*

Eg for min del blir glad og inspirert av å høyre om den eldre Kim Friele som i fleire år blei invitert til å snakke med konfirmantane på heimstaden Geilo og lært dei at *«å vere menneske er å vere annerledes»!*

No i denne adventstida, når vi ser fram mot å feire at Gud blei menneske i ein stall, er det lett å tenke seg at «Gud» er eit ord på noko vi ikkje kjenner, men at «menneske», det veit vi jo godt kva er. Men kanskje heng spørsmåla om menneske og Gud saman? Eg trur vi må bruke dei erfaringane vi har gjort både for å finne ut meir av kva det er å vere menneske er og kven Gud er. Gud blir menneske i Jesus, fødd fattig, æra av gjetarar, møtt av englar som seier «Frykt ikkje». Vi feirar Jesus, som held seg mest med annleis-folk og løvetenner.

For kyrkja og for meg gir det også håp i å tru at Jesus viser oss både kven Gud og menneske er. Og kva kjærleik er. Trua på Jesus *formidlar nemleg eit håp* om at kjærleiken er sterkare enn døden. Amen.

La oss be